



Vegard Helset  
Nørdalsvegen 41  
6120 Folkestad

Vår referanse  
26/163 26/956

Din referanse

Sakshandsamar  
Peder Magnus  
Magnussen

Dato  
20.01.2026

| Sakstype | Saksnr. | Utval                                     |
|----------|---------|-------------------------------------------|
| DS       | 28/26   | Tenesteutval for forvaltning og utvikling |

## Svar på melding om hogst i naturtypen olivinskog - Vegard Helset - 1577 Volda - gnr. 92 bnr. 1

**Saka er handsama etter delegert mynde, og det er gjort slikt vedtak: Volda kommune godkjenner hogsten i den utvalde naturtypen olivinskog på gnr. 92 bnr. 1, dette med heimel i § 54 i naturmangfaldlova. Grunngevinga er at hogsten er eit lite tiltak som er positivt for naturtypen når den vert gjennomført etter vilkåret.**

Vilkår:

- Plukkhogsten skal gjennomførast som ei skånsam lukka hogst (dette gjeld ikkje hogst på vindfallsflatene kor ein må forsøke å rydde mest mogleg av dei skada trea).
- Det skal takast omsyn til ev. sensitive artar, mis-figurarar og registrerte raudlista artar i området.

*Du kan klage på vedtaket. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dato brevet er motteke. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Eventuell klage skal sendast skriftleg til det organet som har fatta vedtaket. Skriv kva vedtak det vert klaga over, den eller dei endringar ein ønskjer, og dei grunnane du har for klagen. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for kommunen om klagen er sendt i rett tid, vert du beden om å opplyse når brevet kom fram*

Med helsing

Jørgen Vestgarden  
avdelingsleiar utvikling

Peder Magnus Magnussen  
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

### Saksopplysningar:

Kommunen syner til e-post sendt skogansvarleg 20.01.26 kor skogeigar meldte om at han skal utføre plukkhogst (som er ein form for lukka hogst) og rydde vindfall på gards- og bruksnummer 92/1 i den utvalde naturtypen olivinskog i Bjørkedalen i Volda kommune.

Før hogst i utvalde naturtypar skal det etter § 54 (meldeplikt for skogbrukstiltak) i naturmangfoldloven: «Skogbrukstiltak som berører forekomster av utvalgte naturtyper og som ikke krever tillatelse, skal meldes til kommunen før tiltaket iverksettes. Tilbakemelding fra kommunen skal foreligge før tiltaket utføres»

Kommunen skal vurdere tiltaket etter i § 53, annet og tredje ledd i naturmangfoldlova:

*«Ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom skal det tas særskilt hensyn til forekomster av en utvalgt naturtype slik at forringelse av naturtypens utbredelse og forekomstenes økologiske tilstand unngås. Før det treffes en beslutning om å gjøre inngrep i en forekomst av en utvalgt naturtype, må konsekvensene for den utvalgte naturtypen klarlegges. Kongen kan gi forskrift om utføring og behandling av en slik konsekvensanalyse.»*

*«Ved vurderingen av om den utvalgte naturtypes utbredelse eller økologiske tilstand forringes, skal det legges vekt på forekomstens betydning for den samlede utbredelse og kvalitet av naturtypen og om en tilsvarende forekomst kan etableres eller utvikles på et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av en slik forekomst.»*

### Vurderingar og konklusjon:

I rapportane som er laga om olivinskogen i Bjørkedalen står det blant anna «forvaltningsmessig ligger utfordringen i å skape "passe forstyrrelser", ikke for mye (store snauflater) og ikke for lite (urørt)». Skogeigarane har visst at den forvaltninga dei har hatt av skogane i Bjørkedalen tidlegare har fremma naturtypen.

Hogst i naturtypen er vurdert etter § 8-12 i Naturmangfoldlova.

§8 Kunnskapsgrunnlaget. Tilgjengeleg kunnskap er vurdert, hovudsakleg faktaarket til naturtypen og rapporten «faggrunnlag for kalkbarskog».

§9 Før-var-prinsippet. Handlingsplanen skulle ideelt sett vore på plass. Men etter å ha vurdert tiltaka etter faktaarket og rapporten «faggrunnlag for kalkbarskog» har ein vurdert at det ligg føre nok kunnskap om naturmangfaldet og verknader på dette. Før-var-prinsippet får med dette ikkje verknad, jf. naturmangfoldlova §9.

§10 Økosystemet og samla belastning. Plukkhogst i naturtypen vil ha lita belastning for naturtypen når denne vert gjennomført som ei skånsam lukka hogst.

§ 11 Kostnader for skade på miljøet skal bærast av tiltakshavar.

Tiltakshavar er gjort kjend med det NML legg til grunn om i størst mogleg grad hindre og avgrense skade på naturmangfaldet. Om dette likevel vert gjort er det tiltakshavar som i rimeleg grad skal dekke kostnader ved oppretting av skadar på naturmiljøet

§12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Frå skogfagleg hald vurderer ein lukka skånsam hogst i naturtypen som det rette.

Ein har diskutert dette med konsekvensanalyse med Statsforvaltaren i den utvalde naturtypen og vurdert det slik at sida handlingsplan ikkje er ferdig vil alle skogbrukstiltak vere meldepliktige. Konsekvensanalyse er meint for større inngrep slik som vegbygging og flatehogst. Småflatehogst og former for plukkhogst vil neppe krevje dette jfr.

Kalkfuruskoghogst. Ut frå dette er det vurdert at denne hogsten ikkje har behov for konsekvensanalyse.

I faktaarket til naturtypen gis blant anna følgjande råd om skjøtsel og omsyn: *«En viss kulturpåvirkning som beite med etablering av stier kan være ønskelig. Det er ikke ønskelig at skogen blir for tett. En viss hogstpåvirkning i form av skånsom gjennomhogst/lukket hogst (kalkskogshogst) kan stedvis være ønskelig, og er i hvertfall er neppe skadelig for mangfoldet, og bør kunne tillates på deler av arealet (f.eks. ved Lemmen som trolig var mye hogstpåvirket for 130-150 år siden). Tett foryngelsesfase må unngås. Det er ved hogst ønskelig at mest mulig av kvist og topp fjernes/brennes for å unngå humusoppbygging. Forvaltning av dette unike området bør avklares nærmere i samråd grunneier, skogeierlag/samvirke og miljømyndigheter..»*

Frå rettleiaren til skogkurs om lukka hogstar står det følgjande:

«Lukkede hogster kjennetegnes ved at ikke alle trærne hogges ved hver hogst, samtidig som det tilrettelegges for rekruttering av nye trær».

I rapporten «Faggrunnlag for kalkbarskog» står det at tradisjonell skjøtsel er positivt for naturtypen.

Kommunen har vurdert konsekvensane av hogsten i den utvalde naturtypen olivinskog. Det er planlagt plukkhogst som vert eit lite inngrep.

Vilkåret i vedtaket er omtrent det same som i tilsvarande saker som gjeld hogstar i naturtypen olivinskog i Bjørkedalen.